

Eksamen

25. november 2016

FOT2003

Yrkesutøving

Yrkesutøvelse

Programområde: Fotterapi og ortopediteknikk

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillate, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Viss du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid oppgje desse på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal oppgje forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Viss du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du oppgje nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>I denne oppgåva blir det ved sensurering lagt vekt på :</p> <ul style="list-style-type: none">• Å ha forståing for kva det vil seie å vere profesjonell i yrkesutøvinga av eige fag.• Mogelegheiter for å vere med på utvikling av eige fag.• Kjennskap til og forståing av lovar og reglar som styrer yrkesutøvinga.• Forståing av korleis dokumentasjon påverkar yrkesutøvinga og utviklar faget.
Andre opplysningar	Alle oppgåvene skal svarast på. Avskrift vert ikkje lønt. Du kan løyse oppgåva i høve til eige yrkesval.

Oppgave 1

Du er utplassert i ei bedrift med fleire tilsette. Bedrifta har eksistert i 15 år, og mange har vore tilsette her sidan bedrifta starta.

På skolen har du lært om strenge krav til hygiene. Du kan mykje om dette. Du ser at denne bedrifta ikkje overheld fastsette krav i høve til hygiene.

- a) Gjer greie for gjeldande lover og regelverk denne bedrifta må halde seg til i høve til hygiene.
- b) Fortel korleis du bør gå fram på ein profesjonell måte overfor kollegene dine med tanke på å betre hygienene i bedrifta.
- c) Drøft korleis dette etiske dilemmaet kan ha påverknad på yrkesgruppa som heilskap.

Oppgave 2

Som helsepersonell og yrkesutøvarar som er underlagt helsepersonellova, vert det stilt krav til dokumentasjon av arbeidet ein gjer. I din arbeidskvardag ser du at ein må ha gode kunnskapar for å utføre dokumentasjon på ein profesjonell måte.

Denne dagen har du vore med Jørgen som er autorisert helsepersonell. Etter møte med pasientane har du skrive eigen logg. På slutten av arbeidsdagen seier Jørgen til deg at du skal dokumentere alt arbeidet som de har vore med på i høve til gjeldande lover og reglar.

- a) Fortel om dei lover og reglar som gjeld for dokumentasjon innanfor ditt yrke.
- b) Gjer greie for korleis dokumentasjon kan vere med på å kvalitetssikre og vidareutvikle læringsarbeidet innan ditt yrke.
- c) Fortel om korleis du kan bruke digital dokumentasjon i samhandling med anna helsepersonell.

Oppgave 3

Du får ein invitasjon til Karolinska sjukehus i Sverige for å høyre på ulike foredrag innan ditt fagområde.

I pausa sit du saman med ein svensk lege, dr. Svensson, som er veldig nysgjerrig på di yrkesutøving i Noreg. Han seier han veit lite om yrket du utfører, og han er oppteken av den profesjonelle yrkesutøveren.

- a) Forklar han kva for krav det vert stilt til den profesjonelle yrkesutøveren i ditt yrke.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven blir det ved sensurering lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none">• Å ha forståelse for hva det vil si å være profesjonell i yrkesutøvelsen av eget fag.• Muligheter for å være med på utvikling av eget fag.• Kjennskap og forståelse til lover og regler som styrer yrkesutøvelsen.• Forståelse av hvordan dokumentasjon påvirker yrkesutøvelsen og utvikler faget.
Andre opplysninger	Alle oppgavene skal besvares. Avskrift belønnes ikke. Du kan løse oppgaven i forhold til eget yrkesvalg.

Oppgave 1

Du er utplassert i en bedrift med flere ansatte. Bedriften har eksistert i 15 år og mange har vært ansatt her siden oppstart.

På skolen har du lært om strenge krav til hygiene. Du kan mye om dette. Du ser at denne bedriften ikke overholder fastsatte krav i forhold til hygiene.

- a) Gjør rede for gjeldene lover og regelverk denne bedriften må forholde seg til når det gjelder hygiene.
- b) Fortell hvordan du bør gå frem på en profesjonell måte overfor dine kollegaer med tanke på å forbedre hygienen i bedriften.
- c) Drøft hvordan dette etiske dilemmaet kan ha påvirkning på yrkesgruppen som helhet.

Oppgave 2

Som helsepersonell og yrkesutøvere som er underlagt helsepersonelloven, stilles det krav til dokumentasjon av arbeidet man utøver. I din arbeidshverdag ser du at man må ha gode kunnskaper for å utføre dokumentasjon på en profesjonell måte.

Denne dagen har du vært med Jørgen, som er autorisert helsepersonell. Etter møte med pasientene har du skrevet egen logg. På slutten av arbeidsdagen sier Jørgen til deg at du skal dokumentere alt arbeidet som dere har vært med på i forhold til gjeldende lover og regler.

- a) Fortell om de lover og regler som gjelder for dokumentasjon innenfor ditt yrke.
- b) Gjør rede for hvordan dokumentasjon kan være med på å kvalitetssikre og videreutvikle læringsarbeidet innen ditt yrke.
- c) Fortell om hvordan du kan bruke digital dokumentasjon i samhandling med annet helsepersonell.

Oppgave 3

Du får en invitasjon til Karolinska sykehus i Sverige for å høre på ulike foredrag innen ditt fagområde.

I en pause sitter du sammen med en svensk lege, dr.Svensson, som er veldig nysgjerrig på din yrkesutøvelse i Norge. Han sier han vet lite om yrket du utfører, og han er opptatt av den profesjonelle yrkesutøver.

- a) Forklar ham hvilke krav som stilles til den profesjonelle yrkesutøver i ditt yrke.



www.vigoiks.no/eksamen